

Rustne Menn med føredrag og allsong på Utåker.

23.02.2018



Rustne Menn gav tonefylgje til Leif Inge Heimvik sin vårsong Kommer nå av Stein Ove Berg.

Utåker har også eit kafetilbod, slik Uskedalen har med Kafe Tiaren. Rustne Menn var tysdag i denne veka invitert til Utåker med program i det som var Holmedal skule, men no i bygda si eige som bygdehus. Frammøte var godt og det var ei gild stund med føredrag, allsong og til slutt omvisning i det lokale skulemuseet.

Utåker har eit aktivt bygdalag. Ei eiga boknemnd har samla inn bilete og kulturhistorisk materiale som er utgitt i to bøker.

Det er som vanleg stor interesse for Reidar Myklebust sitt føredrag: Hjernen, demens og det rytmiske menneske. Forsking syner at rytme, song, musikk og friluftsliv er den best medisin for å bremsa utviklinga av demens og andre tilsvarande sjukdomar.

Ei gild stund var det då Leif Inge Heimvik steig fram og saman med gruppa frå Uskedalen song Kommer nå av Stein Ove Berg. Leif Inge formidlar viser og songar med innleiving. Med sitt gode minne kan han teksten og er han svært stødig på tonen.

Etter kafestunda var det høve til å få sjå den lokale skulehistoriske samlinga i kjellaren,- plansjar, bøker, bilete, pultar og AV milder frå eldre tid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er alltid stor interesse og godt frammøte der Reidar Myklebust står fram med føredraget: Hjernen, demens og det rytmiske menneske.